

Matkurs i helselagsregi.

30.03.2016



Denne gjengen fekk 1000 helselagskroner i premie i hoppetaukonkuransen i fjor. No er dei 7.klassingar.

**Uskedal helselag har stått bak mange gode tiltak. Dei siste åra har dei ved fleire høve vist at dei har hatt fokus på barnehelsa gjennom samarbeid med Uskedal skule. Dei har mellom anna stått for fruktutdelingar i ulike samanhengar, og dei har vore med å sponsa skulefrukost. Fysisk aktivitet har dei stimulert m.a. gjennom støtte til hoppetaukonkurranse, sykkelstativ og Tine-stafetten.**

I morgen er det eit nytt flott tiltak. Nasjonalforeningen for folkehelsa og Geitmyra matkultursenter for barn arrangerer matkurs for barn og vaksne over heile landet. Målet med prosjektet er å auka bevissheten rundt inntaket av frukt og grønnsaker i befolkninga.

Som eitt av to helselag i fylket, var Uskedal Helselag heldige og fekk Geitmyra matkultursenter til å kome og halde kurs i Uskedalen. Det skjer i morgen, torsdag, mellom kl. 16 og 19 på skulen. Kurset har plass til 8deltakrarar, og elevane på dei høgste alderstrinna som hadde lyst å vera med, har meldt seg interesserte i kurset. Dei 8 deltakarane til kurset vart så trekt ut, og dei skal laga 2 typar supper og to typar vafler.

På kurset vil det også vera med medlemmer fra helselaget med tanke på å ha mulighet til å følgja opp kurset på eit seinare tidspunkt.

Tekst, arkivfoto og nett: Thor Inge Døssland